



Promenaden Eiendom AS
Kvernhusmyrane 7
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/716 - 19/7828

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
07.03.2019

Vedkomande årsrapportering fettutskiljar - GBNR 188/534 Promenaden

Teknisk drift har motteke årsrapport for fettutskiljar ved Promenaden for driftsår 2018.

Teknisk drift har registrert at anlegg ved Promenaden ikkje er tømt iht gitte løyve. Kommunen mottok ferdigmelding frå røyrleggar den 22.06.2017. Det er ikkje levert årsrapport i 2017 for anlegg. Årsrapporten for 2018 viser at anlegg berre har blitt tømt 2 gonger (iht løyvet er det krav om 4 tømningar per år). Tømmeoperatør har ikkje fått utført temperaturlogging av anlegg (iht til løyve er det krav om 2 temperaturlogger per år).

I årsrapport for 2018 har tømmeoperatør gitt melding om at Promenaden Eiendom AS ikkje har inngått tømmeavtale med dei før 16.05.2018, nesten eit år etter anlegg vart installert.

Som eigar av anlegg og abonnent på kommunale avløpstenester har Promenaden Eiendom AS hovudansvar for at vilkår i gitte løyve vert stetta og at kommunen får nødvendig dokumentasjon.

Per dags dato har Teknisk drift ikkje motteke tilstrekkeleg dokumentasjon for å kunne vurdere anlegget sin reinsefunksjon. Det er viktig at Promenaden Eiendom AS påser at temperaturlogging og tømning av anlegg vert utført iht gitte løyve. Årsrapporter som berre har dokumentasjon på tømning av anlegg, vil ikkje dokumentere korleis anlegg fungerer og om dette stettar krav til utslepp. For å kunne dokumentere dette må temperaturlogger leggest ved.

Anlegg ved Promenaden Eiendom AS er eit anlegg for spisested som går under kategorien hamburgerbar/gatekjøkken (Jumjum/Jafs/Damas restaurant) jf. forskrift for fettutskiljar Lindås kommune. Disse restaurantane er blant dei restaurantane som har svært høgt fettinnhald i utsleppsvatn. Det er viktig at kommunen får nødvendig dokumentasjon for å kunne vurdere anlegg slik at anlegg får rett drift og vedlikehald.

Førehandsvarsel om tilsyn:



På bakgrunn av manglende dokumentasjon av anlegg (driftsår 2017 og 2018), ser kommunen behov for å føre tilsyn med anlegg. I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift eit førehandsvarsel om tilsyn. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Promenaden Eiendom AS

Kvernhusmyrane 7 5914

ISDALSTØ